

ROMEO OG JULIE

Eit skodespel av William Shakespeare

Romeo og Julie er eit skodespel som vart skriven for meir enn 400 år sidan. Eit skodespel vert framført i eit teater. I dette skodespelet møter vi dei to familiane Montague og Capulet frå byen Verona i Italia.

Romeo Montague og Julie Capulet forelskar seg då dei møtest i eit selskap. Men dei er frå to familiar som hatar kvarandre. Derfor er dei sikre på at dei aldri vil få lov til å gifte seg med kvarandre. Dei giftar seg likevel, heilt hemmeleg.

Så skjer to tragiske hendingar. Julie har ein bråkjekk fetter som heiter Tybalt. Han er sint på Romeo og heile familien hans. I ein fektekamp vert kameraten til Romeo, Mercutio, drept. Det er Tybalt som drep han. Romeo vert rasande. Han vil ha hemn og drep Tybalt.

Neste morgon må Romeo ta farvel med Julie. Han må forlate byen Verona. Han kan aldri kome tilbake. Dersom han kjem til Verona, kjem dei til å drepe han.

Foreldra til Julie veit ikkje at ho er gift. Dei seier at ho må gifte seg med den rike og mektige Paris. Julie nektar først, men så lagar ho ein plan for å kunne reise bort med Romeo.


Ho får hjelp av fader Laurence, ein munk i kyrkja. Dei sender ein beskjed om planen til Romeo.

Julie får ein sterk sovemedisin. Ho ser ut som ho er død, men ho søv berre. Familien til Julie finn henne, dei trur ho er død, og i djup sorg legg dei henne i eit gravkammer.

Ulukka er at Romeo aldri får beskjeden om denne planen. Han kjem attende til Verona for å finne henne, men då er ho død. Trur han. No vert Romeo så fortvila at han drikk gift og dør.

Så vaknar Julie frå den djupe søvnen, og der, ved sida hennar, ligg Romeo død. Julie vil ikkje leve lenger utan Romeo, ho finn kniven til Romeo og tek sitt eige liv.

To unge menneske har mista livet på grunn av meningslaust hat. No, etter alt det triste som har skjedd, og for å ære dei to, vert familiane einige om å leve saman i fred.



Shakespeare måla av John Taylor

OM FORFATTAREN

William Shakespeare skreiv skodespel for teateret. Han skreiv også poesi.

Shakespeare blei fødd i Stratford-upon-Avon i England. Seinare reiste han til London for å bli skodespelar. Men han blei kjend for å skrive skodespel. I dag seier mange at han er den største forfattaren gjennom tidene.

Shakespeare levde for meir enn 400 år sidan. Likevel går folk framleis for å sjå skodespela hans. Skodespel av Shakespeare vert framførte over heile verda. Unge menneske studerer Shakespeare på skulen og på universitet. Folk skriv bøker om Shakespeare. Det finst Shakespeare-teater og Shakespeare-festivalar.

Når levde Shakespeare?

William Shakespeare blei fødd i 1564. Han voks opp i England i tida til dronning Elisabet I. Han levde i ei spennande tid. Shakespeare døydd i 1616.